



## Notat

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

**Til:** Rektorane

**Kopi til:** Hovudutval for opplæring  
Kontrollutvalet

## Oppfølging av rapport om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane

### Bakgrunn

Bakgrunn for rapporten er Riksrevisjonen si undersøking av ungdom som står utanfor opplæring og arbeid (Riksrevisjonen 2016). Riksrevisjonen sin analyse er basert på undersøkingar i Akershus, Aust-Agder, Finnmark, Nordland, Hordaland og Oppland.

Riksrevisjonen fant stor variasjon i kvaliteten på oppfølginga av ungdom som har avbrote vidaregåande opplæring. Berre 20 av dei 60 ungdommane som var med i utvalet opplevde ei god og tett oppfølging. Vidare fann ein at 36 av dei 60 ungdommane ikkje var i tiltak og berre eit fåtal var i tiltak som inkluderte læreplanmål. Riksrevisjonen konkluderte med at samarbeidet, mellom dei ulike aktørane med ansvar for oppfølging av målgruppa, ikkje fungerte godt nok.

Med bakgrunn i resultatane frå Riksrevisjonen si undersøking ville fylkesdirektøren ha ei vurdering av kvaliteten på oppfølgingstenesta (OT) si oppfølging av ungdom som har avbrote vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. I tillegg ville ein ha tilrådingar til korleis Sogn og Fjordane i framtida kan innrette det tverretatlege arbeidet med ungdom som er utanfor opplæring og arbeid.

Fylkesdirektøren sendte på anbod til ulike forskarmiljø følgjande problemstillingar:

1. Vurdere kvaliteten på OT i Sogn og Fjordane i lys av Opplæringslova si forskrift om OT sine oppgåver og Riksrevisjonen sin rapport, *Riksrevisjonens undersøkelse av oppfølging av ungdom utenfor opplæring og arbeid*.
2. Vurdere om kvaliteten på tenestene som blir gitt av OT, varierer i Sogn og Fjordane.
3. Gje framlegg til tiltak og samarbeidsformer for å auke andelen av ungdom i oppfølgingstiltak som inneheld læreplanmål.

Nordlandsforskning fekk oppdraget og har presentert funna i rapporten:

*Vi utgjør en forskjell. Det er jeg sikker på. Om oppfølgingstjenesten i Sogn og Fjordane.*

## Om oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane

Rapporten strekar under at det er veldig mykje som er bra med OT i Sogn og Fjordane. Rapporten peikar òg på at ungdom utan som har avbrote opplæringa i Sogn og Fjordane i større grad enn i andre fylke er i tiltak. Fylkesdirektøren meiner dette er viktige funn å bygge vidare på.

Fylkesdirektøren meiner det er viktig å lese rapporten ut i frå kva kunnskapsgrunnlag den byggjer på. I rapporten har stemma til OT-koordinatorane fått stor plass. Samstundes er det overordna perspektivet i liten grad til stades. At fylkesdirektøren og rektorar ikkje har vorte intervjuet resulterer i at det overordna systemperspektivet i liten grad er tilstade. I dette notatet gjer difor fylkesdirektøren ei vurdering av tilrådingane ut frå eit overordna perspektiv.

### Tilrådingar frå Nordlandsforskning AS og fylkesdirektøren sine oppfølgingstiltak

#### Koordinering på systemnivå

Rapporten peikar på at fleire av dei unge har samansette utfordringar som krev samarbeid mellom fleire instansar. Det er særleg eit behov for samarbeid med kommunale instansar som barnevern, primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta ved barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP).

I følge opplæringslova skal OT sikre tverretatleg samarbeid mellom kommunale, fylkeskommunale og statlige instansar, og ved behov samordne tilbod frå de ulike instansane til den enkelte ungdom. Lova nemner særleg grunnskulen, dei vidaregåande skulane, pedagogisk-psykologiske tenester (PPT), og NAV som aktuelle instansar for samarbeid.

Rapporten konkluderer med at samarbeid og samordna tilbod mellom aktuelle partar er avgjerande for å møte behova til dei unge, og å kunne gje dei eit godt nok tilbod.

#### Oppfølging

Fylkesdirektøren vil syte føre god koordinering på fylkesnivået med kommunale og statlege tenester.

Ansvar: fylkesdirektøren

Koordineringa på fylkesnivå skal legge til rette for at rektorane ved dei vidaregåande skulane kan etablere gode system lokalt. Døme på korleis rektor kan løyse dette er m.a. «nærversteam».

Ansvar: rektorane

#### Auka samhandling om arbeidstilbod

I enkelte regionar kan det vere vanskeleg å skaffe arbeidstilbod til ungdomane som er under oppfølging av OT. For å auke tal arbeidsplassar er det vesentleg at samarbeidet mellom NAV, OT-koordinator, PPT, lokalt næringsliv og den vidaregåande skulen ved rektor, rådgjevar og arbeidslivskontakt er sett i system.

#### Oppfølging

Rektor skal lage rutinar for arbeidet med å skaffe arbeidstilbod til ungdom som er under oppfølging av OT. Rektor skal årleg kalle inn samarbeidspartane for å evaluere, vidareutvikle og systematisere arbeidet.

Ansvar: rektor

#### Læring og delingsarena

OT-koordinatorane trekkjer i intervjuet fram det gode samarbeidet dei har og understreker kor viktig det er at dette blir teke vare på. Dei legg vekt på at det må setjast av ressursar slik at dei får høve til

å dele gode erfaringar og bli inspirert. Tiltak som fungerer ein stad, kan ofte tilpassast den lokale konteksten. Eigne nettverk, etter mal frå dei fylkesdekkande nettverka, leia av ein rektor, vil vere ein god arena for samarbeid.

#### Oppfølging

Rektor skal legge til rette for deltaking i eit fylkesdekkande nettverk for oppfølgingstenesta. Nettverket skal fungere på lik line med dei fylkesdekkande nettverka i faga, og vere leia av ein rektor. Ansvar for nettverket skal gå på omgang mellom rektorane som har ansvar for oppfølgingstenesta.

Ansvar: rektor

#### Vidareutvikle vg3 i skule

Nordlandsforskning tilrår at vg3-tilboda i skule for dei elevane som ikkje får seg læreplass etter vg2, blir vidareutvikla. I rapporten peikar ein på nasjonale funn om at vg3-tilboda er for lite kjent og ein tilrår at reel informasjon om ordninga er viktig. Fylkesdirektøren kjenner seg ikkje att i omtalen for Sogn og Fjordane sin del. Vg3-tilboda har i mange år blitt tilbydd som reelle alternativ. Samstundes deler fylkesdirektøren vurderinga av at tilboda kan utviklast vidare.

#### Oppfølging

Fylkesdirektøren oppnemnte i 2017 ei arbeidsgruppe som har kome med tilrådingar til utvikling av vg3-tilboda. Fylkesdirektøren er no i ferd med å implementere endringar i inntak, tilbod og gjennomføring av vg3-tilboda for skuleåret 2018-19.

Ansvar: fylkesdirektøren

#### Auka satsing på grunnkompetanse

Nordlandsforskning peiker på at lærekandidatordninga og praksisbrevordninga kan vere viktige for å auke gjennomføringa. Fleire av dei som er intervju ønskjer ei styrking av lærekandidatordninga, sidan ein har gode erfaringar med denne.

#### Oppfølging

Fylkesdirektøren oppnemnte i 2017 ei arbeidsgruppe med representantar både frå fylkeskommunen og NAV som skulle kome med tilrådingar til endringar av lærekandidatordninga. Med bakgrunn i arbeidsgruppa sine tilrådingar er fylkesdirektøren no i ferd med å implementere endringar i ordninga, jf. notat til hovudutval for opplæring 15.02.18.

Hovudutval for opplæring vedtok i sak 5/18 korleis praksisbrevordninga skal vere i Sogn og Fjordane.

Ansvar: fylkesdirektøren

#### Førebygging i skule

Forskning viser at dei som held fram på skulen med stryk i enkeltfag aukar sannsynet for å gjennomføre opplæringa mot dei som avbryt skulegangen. Det er difor viktig å halde fram med styrka oppfølginga innanfor den ordinære opplæringa.



### Oppfølging

Dei vidaregåande skulane skal syte føre at elevar som stryk eller manglar karakterar i fag får oppfølging, slik at dei så raskt som råd får vurderingsgrunnlag i faget.

Ansvar: rektor

### Psykisk helse

Mange som jobbar tett med elevar i vidaregåande opplæring peikar på at psykisk helse er ei aukande utfordring i skulen.

### Oppfølging

Psykisk helse er eit av satsingsområde i handlingsprogrammet til dei nye måla og strategiane i «Mot nye høgder» og vil bli følgt opp med handlingar.

Ansvar: Fylkesdirektøren og rektorane

### Andre oppfølgingspunkt

Fylkesdirektøren gjekk igjennom rapporten, og kva forventingar ein har til oppfølging av denne, på rektormøte 26.10.2017. Dette notatet er ei skriftleggjering av det som vart drøfta på møte.

Fylkesdirektøren vil igjen minne om det overordna ansvaret rektorane har for oppfølgingstenesta.

Nordlandsforskning har i rapporten i liten grad gjort vurderingar av skilnadane som måtte eksistere mellom OT-regionane på kva type tiltak ungdommen blir tilbydd. Fylkesdirektøren ber rektorane om å kvalitetstrygge at tiltaka er i samsvar med opplæringslova §13.

Avslutningsvis vil fylkesdirektøren streke under avslutningsfunnet til Nordlandsforskning; «*Etter vår vurdering er det mye som er bra med OT i Sogn og Fjordane, og som det er viktig å støtte opp under*».